



/// Språkbruksplan

Vedteken i kommunestyret (sak, dato)

Sogndal kommune er ein nynorskkommune og skal, i tråd med krava i språklova, bruka eit klart språk. Kommunen skal kommunisera med innbyggjarane og andre på ein klar og presis måte, på godt nynorsk som speglar den lokale dialekten. Me skal bruka eit språk som er lett å forstå for folk i ulike aldrar og med ulik bakgrunn.

Målform

Kommunen har vedteke (kommunestyresak 22/19) at Sogndal kommune

- krev nynorsk som målform i skriv frå statsorgan til kommunen, jf. § 5 i mållova
- har nynorsk som administrasjonsmål

Nynorsk skal brukast på alle område i kommunen. Dette omfattar all sakshandsaming, skriv, rettleiingar og skjema på alle tenesteområde. Unntaket er når tilsette svarar på brev frå privatpersonar, då kan me svara på den målforma som er brukt i brevet.

Sogndal kommune er medlem av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

Mål for språkbruken i kommunen

Sogndal kommune vil vera ein kommune der det er lett å vera nynorskbrukar både på arbeid og privat, og der nynorsk vert prioritert. Dei tilsette skal kjenna seg trygge på å skriva nynorsk, og det skal vera sjølv sagt å bruka nynorsk.

Skriftspråket til dei tilsette i Sogndal kommune skal vera enkelt, klart, presist og brukarretta. Det skal vera korrekt etter gjeldande rettskriving og bør leggja seg så nær opptil talemålet i kommunen som råd, slik det går fram av *Retningslinjer for språkbruk i Sogndal kommune*. Sogndal skal vera ein kommune der språk og dialekt blir framheva som ein viktig del av kulturen og identiteten.

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, og brukarane av språket er i mindretal nasjonalt. Dette gjer oss meir utsette for ikkje å få oppfylt dei språklege rettane våre. Sogndal kommune vil ta eit særleg ansvar for at nynorsk språk er godt synleg i kommunen, og at innbyggjarane får møta språket sitt i det daglege. Dette er særleg viktig for unge nynorskbrukarar, for å motverka målbyte frå nynorsk til bokmål.

Som senter i ein region der nynorsken står sterkt, har Sogndal kommune også ansvar for å bidra til å oppretthalda posisjonen til nynorsken og styrka statusen til målforma, ikkje berre regionalt, men også nasjonalt.

Gjennomføring og tiltak

Det er leiarane i Sogndal kommune sitt ansvar å sjå til at dei tilsette følgjer språkbruksplanen.

Nynorskkommune

Sogndal kommune skal nytta god nynorsk og klart språk i informasjon til innbyggjarane.

- Ekstern informasjon på nett, i publikasjonar, pressemeldingar, kunngjeringar og annonsar skal vera på nynorsk. Det gjeld også tekst i sosiale medium.
- Skjema som innbyggjarar, institusjonar, organisasjonar eller verksemder i regionen skal fylla ut, skal liggja føre på nynorsk.
- All skilting på kommunale bygg og liknande skal vera på nynorsk.
- Kommunen skal, så langt det er mogleg, ha all digital programvare tilgjengeleg på nynorsk. Der faglege argument gjer at me må velja ei programvare utan nynorsk brukargrensesnitt, skal kommunen gjera produsenten eller leverandøren merksam på ønsket om ein nynorskversjon. Me bør òg gjera LNK eller Noregs Mållag merksame på at det manglar nynorskutgåve av eit program. Dette gjeld også der ei programvare ikkje finst på verken bokmål eller nynorsk, berre engelsk.
- Kommunen skal vera ein pådrivar for å få meir materiell på nynorsk frå samarbeidspartar og leverandørar. Me skal alltid spørja etter ein versjon på nynorsk.
- Informasjon til innbyggjarane, sakshandsaming og anna skriftleg tilfang frå kommunen, skal skrivast i tråd med dei nasjonale retningslinjene for klart språk og *Retningslinjer for språkbruk i Sogndal kommune*.

Tilsetjing

God skriftleg kompetanse i nynorsk er eit viktig tilsetjingskriterium i Sogndal kommune, og skal etterspørjast i kommunale jobbutlysingar.

Opplæring og hjelpemiddel

Kommunen skal gje tilsette kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk og klarspråk. Kommunen skal også syta for at dei tilsette har dei språklege hjelpemidla dei har bruk for, og gjera dei kjende med kvar dei kan søkja hjelp på internett, gjennom digitale ordbøker, digitale språkkurs og liknande.

Stadnamn

Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggja på lokal namnetradisjon. Skrivemåten skal følgja stadnamnlova. Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel retta seg etter gjeldande rettskriving.

Barn og unge

Sogndal kommune skal bruka nynorsk som opplæringsmål i barnehagen, grunnskulen og vaksenopplæringa. Det er viktig at kommunen er med på å gjera dei unge til trygge nynorskbrukarar, gjennom gode nynorske språkmiljø frå barnehagen og heilt opp til vidaregåande skule. Grunnregelen er at alle digitale læremiddel og anna skriftleg tilfang som blir nytta i skule eller barnehage, skal vera tilgjengeleg på nynorsk.

Mykje av grunnlaget for talemålet til barna blir lagt i barnehagane og skulane. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande.

I barnehagane bør me i hovudsak syngja og lesa på nynorsk. Alle barnehagane i kommunen skal ha eit godt utval av nynorsk litteratur.

Kommunen har ansvar for å sjå til at elevane får opplæring på nynorsk av lærarar som har god kompetanse i nynorsk. Bruk at digitale kjelder på internett kan vera ei særleg utfordring for nynorskelevar. Skulane må ha ein medviten strategi for korleis dei møter denne utfordringa.

Alle oppslag, skriv og anna i barnehagane og skulane i Sogndal kommune skal vera på nynorsk.

Bibliotekenesta står sentralt i arbeidet med kultur- og informasjonsformidling. Biblioteka i kommunen har eit særleg ansvar for å formidla nynorsk litteratur til barn og unge.

Lokal og nasjonal påverknad

Bruken av nynorsk i kommunen er med på å påverka statusen til målforma, sidan det mykje brukte språket ofte har høgre status enn det som er mindre brukt. At Sogndal kommune er ein tydeleg og medviten nynorskbrukar, og at me oppmodar samarbeidspartnarar, lokalt næringsliv og andre til å nytta nynorsk, er viktig både lokalt, men også nasjonalt. Sogndal kommune kan, gjennom eigen praksis og samarbeid med andre kommunar og aktørar, vera med på å sikra plassen nynorsken har i det norske samfunnet.

I arbeidet med denne planen har me henta innhald frå forslag til språkbruksplan for Sogndal kommune utarbeidd av Sogndal Mållag og frå malen *Språkbruksplan for X kommune* utarbeidd av Fretland & Fretland for Landssamanslutninga av nynorskkommunar.